


Crazy hjerte med foto Sydd på papirunderlag



Print ut sidene. Pass på at "tilpass siden" ikkje er valgt. Kvadratet til høgre kan brukast til å sjekke at du har fått rett størrelse, det skal vere 5 x 5 cm.

Stoff-forbruk




Restar av forskjellige raude stoff, eller ein annan farge du vil bruke
Til bakgrunnen i sjølve blokka og til remsene i ill.2 treng du ca 30 cm
Første runda med trekantar: to kvadrat på 26 x 26 cm
Andre runda med trekantar: to kvadrat på 36 x 36 cm
Lukkekant ca 15 - 20 cm avhengig av kor brei du vil ha den.

Sy dei to halvdelane til hjertet, følg nummereringa på mønsterdelane og start med fotoet som bit nr 1. Delane som er merka bg skal vere i bakgrunnsstoffet. Bruk forskjellige raude, eller ein annan farge, til resten av bitane.

Sy saman dei to hjertehalvene som vist i ill. 1.

Blokka er ikkje heilt kvadratisk, så dersom du vil sy den inn i eit "firkant-i-firkant"-mønster, må den gjerast kvadratisk først.


Skjer strimlar så breie som vist i ill. 2 nedanfor og sy på blokka. Bruk eit saumrom på 7,5 mm.



Til den første runda med trekantar skjer du først to kvadrat på 26 x 26 cm, del dei deretter i to diagonalt. No har du 4 trekantar. Sy dei lengste sidene av trekantane til blokka slik som vist i ill. 3.

Til den andre runda med trekantar skjer to kvadrat på 36 x 36 cm, del dei i to diagonalt. Sy på trekantane som vist i ill.4. Bruk saumrom på 7,5 mm.


Ferdig størrelse blir 66 x 66 cm pluss lukkekant.




Legg saman topp, mellomfor og bakstykke, tråkle og quilte slik du måtte ønske. Sy på lukkekant, gjerne i ein av fargane du brukte i hjertet.

Du kan også applikere hjerte på dei største trekantane før arbeidet vert quilta, sjå ill.6. Bruk sjablongane nedanfor til å klippe ut hjerte, legg til saumrom dersom du vil brette under sårkanten. Appliker med hand eller maskin.

I staden for "firkant-i-firkant" mønster kan du sy striper rundt hjerteblokka liksom i ei log cabin blokk. Dersom du startar å sy rett på sjølve blokka, vil arbeidet få ein rektangulær fasong slik som vist i ill. 7.
Strimlane er kutta 5 cm breie, og der er 3 omgangar.




5



6



7



Ekstra Bonus!

De som har kjøpt mønsteret til Kameleonquilt nr 4 kan vite at hjertet i midten med alle dei små klaffane kan erstattast av denne Crazyhjerte-blokka.

Sy dei to mønsterdelane og sy halvane saman slik som vist på forrige side, deretter kan mønsterdelane A - L og alle klaffane (1u - 6u, 1b - 6b) erstattast med denne enklare blokka.

Mønsteret til Kameleonquilt nr 4 kan kjøpast frå <http://kameleonquilt.com>



